

Referat frå møte i Styringsgruppa for læringsnettverket for barneverntenestene i Vestland

Dato: 27. oktober 2022

Stad: Teams

| Sak: | Tema: | Referat: | Konklusjon, ansvar og tidsfrist: |
|------|--|--|--|
| 1. | Velkommen, kort presentasjonsrunde og gjennomgang av sakslista | Velkommen, kort presentasjonsrunde og gjennomgang av sakslista Det var ingen som hadde innspel til sakslista eller andre saker for møtet. | |
| 2. | Gjennomgang av innspel, og drøfting av dei innspela vi fekk under grupperefleksjonane på samlinga i september | Gjennomgang av oppsummeringane frå grupperefleksjonane på førre styrings- og ressursgruppemøte, og frå barnevernssamlinga 20.-22. september, som bakteppe for arbeidet med å lage forslag til årshjul, innhald i prosjektstøtterigg og prioriteringar for Læringsnettverket 2023. Representantane i styringsgruppa kjenner seg igjen i det som kom fram i dei ulike grupperefleksjonane, og den oppsummeringa som vart gjort. | Gjennomgang ved Bente C. og felles drøfting. |
| 3. | Prioritering og konkretisering av dei satsingane vi ynskjer å rette merksemda mot i nettverket i 2023 | Kva treng vi at læringsnettverket rettar merksemda mot det neste året? Slik som vi gjorde det i fjor, startar vi i styringsgruppa med å lage eit forslag til årshjul, prioriterte aktivitetar og tema for Læringsnettverket det kommande året med utgangspunkt i innspela som kom på barnevernleder- og læringsnettverkssamlinga i september. Deretter vil forslaget leggst fram for innspel i ressursgruppa, og til sist vil forslaget leggst fram på årsmøtet den 13. januar der alle barnevernleiarane i Vestland vert invitert til å kome med sine synspunkt til kva nettverket bør ha merksemda mot i 2023. Med dei korrigeringane som kjem i årsmøtet vert årshjulet, prioriteringane og prosjektstøtteriggen bestemt. Dette vil danne utgangspunkt for styringsgruppa sitt vidare arbeid gjennom året. På bakgrunn av dei innspela som har kome foreslår styringsgruppa å satse på følgjande områder: 1. Barnevernleiar nettverk/forum Einigheit om at dette med å etablere faste samlingar for barnevernleiarane er ei viktig satsing for nettverket i 2023. Det er mykje som skjer no i samband med reforma, og mange store spørsmål som barnevernleiarane kan ha nytte av å samsnakkast om, og kanskje samarbeide om. Dette kom også fram som eit tydeleg ønske i innspela frå deltakarane på samlinga i september. Randi, Gerd og Anita utgjør arbeidsgruppa som skal lage eit konkret framlegg til korleis dette kan etablerast og driftast. 2. Rettleiing til tilsette i barneverntenesta – etablere eit utviklingsprosjekt på dette? RKBU vest foreslår å etablere et nytt utviklingsprosjekt om rettleiing, med mål om å sjå på dei nye krava til rettleiing i barneverntenesta og utvikle gode modellar for dette. Unni nemner at FO også kan være ein aktuell samarbeidspartar inn i eit slikt prosjekt. Slik vi snakka om på møtet vårt i september, kan det være særleg aktuelt å invitere med nokre av dei kommunane som ikkje så langt har søkt om stimuleringsmidlar gjennom nettverket. Det er også fleire kommunar som er interessert i dette utviklingsarbeidet, som til dømes Kvinnherad og Sunnfjord. Unni, Randi og Monica utgjør arbeidsgruppa som skal lage eit framlegg for korleis dette kan innrettast. 3. Delingskultur og anbefalingar for deling av kunnskap Deling og delingskultur i nettverket var eit hovudtema på barnevernssamlinga. Det vart i september sett ned ei arbeidsgruppe med Randi, Linda, Laila og Ove, som er i gang med å utarbeida eit forslag til retningslinje for korleis vik kan gjere dette i nettverket. Arbeidsgruppa vil presentere sitt forslag på årsmøtet. Sølvi frå KS nemner utviklingsprogrammet DigiVestland, der ein arbeidar med å utvikle ein felles digital portal for kommunane i Vestland, og for å digitalisere tenestene. Ho spør om det kan være behov for å integrere ei løysing for informasjonsdeling mellom barneverntenestene, ho vil kome tilbake til dette når ho veit meir. 4. Samvær mellom barn og foreldre etter fosterheimplassering Både Randi og Svein trekk fram dette med samværsvurderingar som eit viktig og aktuelt felt å arbeide med utvikling på. Unni fortel at RKBU skal ha ein workshop rundt korleis samvær blir organisert etter EMD-dommane. Fleire av dei pågåande utviklingsprosjekta i nettverket har merksemd på dette i sitt utviklingsarbeid. Vi drøfta oss fram til at temaet dermed er sett på dagsorden, og at dette er eit felt som me kanskje ikkje skal prioritera å starte fleire utviklingsarbeid på no, men heller løfte fram samvær som eit aktuelle tema på samlingar og legge til rette for at dei prosjekta som har merksemd og gjort seg erfaringar på dette kan deile med dei andre kommunane i nettverket. Samlingar og møter som skal inn i årshjulet for nettverket i 2023 Andre aktuelle tema som styringsgruppa meinte det er aktuelt å rette merksemda mot på samlingar i nettverket, og kanskje særleg i prosjektstøtteriggen for utviklingsprosjekta er: | Konklusjon 1. Randi tek ansvar for å invitere Gerd og Anita til eit møte, for å drøfte korleis ein kan drifte samlingane for barnevernleiarane. Dei vil utarbeide eit forslag til dette, som dei legg fram på årsmøtet 13. januar. 2. Unni, Randi og Monica tek ansvar for å utarbeide eit forslag til kva eit slikt prosjekt kan innehalde, og ein invitasjon som kan sendes til aktuelle kommunar. 3. Randi, Linda, Laila og Ove legg fram forslag til retningslinje for delingskulturen i nettverket på årsmøtet. Aktuelle tema på samlingar og temadagar i prosjektstøtteriggen: Implementering og Evaluering |

| | | | |
|----|--|--|---|
| | | <p>Implementering og evaluering</p> <p>Mange av prosjekta er i ei avsluttande fase no, og dette med å sikre ein god overgang frå prosjekt til ordinær drift er avgjerande for om prosjektet faktisk vil føre til ei positiv og varig endring i praksis. Implementering må vi anerkjenne at er krevjande, og tek tid. Vi har også erfart at dette er noko prosjekta bør ha merksemd på heilt frå oppstarten av prosjekta. Vi har sett mange gode døme på at kompetansmiljøa har spela ei viktig rolle med å minne om dette i samband med utarbeiding av prosjektskisse og oppstart av prosjekt. Dette er eit aktuelt tema og halde fram merksemda mot i prosjektstøtteriggen, og også noko som det kom fleire innspel på frå refleksjonsgruppene på samlinga i september. Det kan være aktuelt å lage ein temadag om dette for utviklingsprosjekta.</p> <p>Dette med evaluering av om det som vert utvikla i prosjekta verkar slik ein hadde tenkt, heng også tett saman med implementeringa. Når ein produkta vert testa ut, og forsøkt implementert i dei ulike kommunane, er det god praksis å legge inn mekanismar som sikrar at man gjer evalueringar av om tiltaka/rutinane/metodane verkar, og om det er behov for å gjere justeringar. Fleire av prosjekta har gjeve uttrykk for at dei ynskjer bistand får kompetansmiljøa til dette evalueringsarbeidet. Eit anna relatert tema er spørsmålet om, og når det er rett å deile det som er utvikla i prosjekta med kommunar utanfor prosjektgruppa. Dette spørsmålet vert stadig aktualisert, saman med spørsmål om tiltak, metodikk eller rutinar bør testast, evaluerast og justerast i prosjektkommunane før dei er klare for å delast. Kompetansmiljøa vert spurt til råds når det gjeld desse spørsmåla, men fram til no har vi ikkje hatt noko felles linje for dette. Arbeidsgruppe tre vil sjå nærare på nokre av desse spørsmåla. I tillegg meiner styringsgruppa, på bakgrunn av dei innspela som kom på samlinga i september at dette er tema vi bør rette merksemda mot i prosjektstøtteriggen også i 2023.</p> <p>Forslag til Justeringar i Prosjektstøtteriggen</p> <p>Einighet om at vi i hovudsak bør fortsette som vi har gjort i 2022 med dei ulike tilboda til utviklingsprosjekta, med nokre små justeringar:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Vi gjer ein utsjekk med kva behov prosjekta har før vi spikrar innhaldet i temadagane. Vi legg opp til ein dag på våren og ein dag på hausten for prosjekta. Det var liten interesse for «prosjektoppstarts - dagen» vi inviterte til i år, dette handla nok om at mange av prosjekta er vidareføringar, og at mange av prosjektleiarane har fått litt erfaring. Det er stemning for at minst ein av desse samlingane er fysiske, og gjennomført som ein form for workshop slik at dei kan nytte anledninga til å bli litt kjende på tvers av prosjektgruppene, arbeide i lag og utveksle erfaringar. 2. Forslag om at prosjekta berre legg fram sitt arbeid for nettverket ein gong i året. Hovudargumenta for: er at vi no når det er så mange pågåande prosjekt og at det er litt krevjande å høyre på så mange prosjekt på rekke og rad. Dette gjeld særleg fosterheimsprosjekta, sidan dei blir vanskelege å skilje frå kvarandre. Eit anna argument er å få litt meir tid til å gå i dybden på nokre prosjekt framfor berre 15 minutt på kvart prosjekt. Motargumentet er at det fram til no er fleire av prosjekta som har nytta disse anledningane som viktige milepålar i arbeidet, og hatt særleg fart i prosjekta fram mot samlingane, i tillegg er det ein fin anledning både for andre kommunar, leiarar og Statsforvaltaren å få eit innblikk i korleis det går i prosjekta. Dette kan til dels takast i vare på andre vis gjennom rapportering og andre møter. Vi landar på at vi forsøker at prosjekta berre legg fram ein gong kvar i 2023. Vi delar prosjekta på prosjektutviklingssamlinga vi held på våren, og på barnevernleiar- og læringsnettverkssamling på hausten. Vi legg opp til ei evaluering hausten 2023. | <p>Bente Cecilie og Unni sørger for at tema-samlingar og prosjekt-workshop blir diskutert vidare i neste møte for ressursgruppa. Der dei skal dei laga eit forslag til prosjektstøtteriigg for 2023.</p> |
| 4. | <p>Førebuing til val på årsmøtet 13.01.2023</p> | <p>Val av hovud- og vararepresentantar i styringsgruppa på årsmøtet 13. januar 2023</p> <p>Som før, ynskjer vi ei blanding av erfarne og nye representantar i styringsgruppa. Dette har vi erfart er hensiktsmessig får å klare å oppretthalde kontinuitet og framdrift i arbeidet, samstundes som fleire får anledning til å påverke, bidra og få eigarskap til arbeidet i med å drifta nettverket. Vi drøfta om korleis forholdet og balansen mellom barnevernleiarar og andre medlemmar i styringsgruppa har fungert i 2022. Representantane meinte at det hadde fungert godt. Det vil si at vi held fram med å velje fem representantar blant barnevernleiarane og fem vara for dei. I tillegg til øvrige medlemmar: to representantar frå kompetansmiljøa og ein representant frå KS, Statsforvaltaren, Bufetat og brukarorganisasjonane.</p> <p>Randi, Gerd og Anita vil utgjere valkomiteen for barnevernleiarane, dersom det er barnevernleiarar som ynskjer å bidra inn i arbeidet i styringsgruppa kan dei ta kontakt med valkomiteen. Bente Cecilie vil ta ansvar for dialog med øvrige representantar i styringsgruppa i forkant av årsmøtet den 13. januar 2023. Alle barnevernleiarane i Vestland og representantane i ressursgruppa vert invitert til årsmøtet.</p> | <p>Valkomité for barnevernleiarane sine representantar: Anita Fonnes, Randi Pedersen, Gerd Ynesdal For øvrige medlemmar i styringsgruppa: Bente</p> |
| 7. | <p>Læringsnettverket si framtid etter 2024</p> | <p>Som vi snakka om på førre møte, er det viktig å ha merksemd på korleis vi skal drifte nettverket framover på ein måte som sikrar værekraft også etter 2024. Det er usikkert kva ressursar som vil bli tilgjengelege for drift av nettverket, og om det framleis vil være mogleg å søke om stimuleringsmidlar til utviklingsarbeid gjennom nettverket etter 2024.</p> <p>Vi har saman klart å skape eit nettverk som har stor betydning for kommunane, både for støtte til førebuing til reforma, utviklingsarbeid og erfaringsdeling på tvers av kommunegrensar og andre interessentar på barnevernfeltet. Korleis kan vi saman sikre vidare drift også utan, eller med mindre ekstern støtte? Dette er eit spørsmål vi må ha med oss framover. Ei mogleg løysing kan være å redusere aktiviteten i nettverket og spisse aktiviteten mot det som er aller viktigast. Ei anna kan være å tilsetje ein som skal drifte nettverket i fortsettinga. Kanskje er det andre måtar å tenke på? Alle oppmodast om å tenkje på dette fram til neste møte i</p> | <p>Påminning, drøfting og spørsmål og tenkje på til neste møte</p> |

| | | | |
|----|------------------|--|--|
| | | styringsgruppa. Innan den tid kan det hende vi har fått nokre klarare signal frå Bufdir på kva vi kan forventa av rammar etter 2024. | |
| 9. | Eventuelt | Ingen saker på eventuelt | |

Hovudrepresentantar i styringsgruppa:

| Navn: | Barnevernteneste/organisasjon: | Deltok på møtet: |
|-------------------------|---------------------------------------|---------------------|
| Gerd Ynnesdal | Gloppen | Ja |
| Randi Pedersen | Kvinnherad | Ja |
| Monica Loen Grov | Sunnfjord | Ja |
| Laila Grøn Jensen | Øygarden | Ja (deler av møtet) |
| Anita Fonnes | Bergen | Ja |
| Unni Strandman | NORCE RKBU Vest | Ja |
| Linda Renate Kvalvik | RVTS Vest | Nei |
| Bente Cecilie Foss | Statsforvaltaren | Ja |
| Berit Hognestad Haaland | Bufetat region Vest | Nei |
| Sølvi Olrich Sørebo | KS | Ja |
| Svein Eirik Hamre | Norsk Fosterhjemsforening - Hordaland | Ja |
| Ingrid Bjelland | Referent | Ja |

Vara for styringsgruppas medlemmer:

| Navn: | Kommune/organisasjon: | Deltok på møtet: |
|----------------------------|---------------------------------------|------------------|
| Owe Myklebust | Haugesund | Nei |
| Jørund Tvedt | Stord (SIB) | Nei |
| Jane Hesjedal | Gulen og Masfjorden | Nei |
| Elisabeth Abelvik | Bergen | Nei |
| Siv Skotheim | NORCE RKBU Vest | Nei |
| Hege Sundt | Høyskolen på Vestlandet | Nei |
| Carol Kjøpstad Vangsnes | Bufetat | Nei |
| Bård Tyldum | Statsforvalteren i Vestland | Nei |
| Frode Kyrkjebø | KS Vestland | Nei |
| Anne-Line Hordvik Stormark | Norsk Fosterhjemsforening - Hordaland | Nei |

Referentar: Ingrid Bjelland og Bente Cecilie Foss

Referat sendt til gjennomlesing til møtedeltakarane: 15.11.2022

Referat godkjent: 22.11.2022